



OKTOBER 15 VS APRIL 16



***INNSPURT PÅ BYGGEPROSJEKTET!**

***KJEMPERESULTAT PÅ ÅRETS VÅRBASAR!**

***TID FOR SOMMARLEIR**

- sjå baksida for informasjon!!



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

Innspurten

Me har nett starta på mai månad og her på Lyngmo er me i gang med innspurten av byggeprosjektet. Prosjektet har brakt med seg fire år med planlegging og eitt år med bygging. Me gler oss utruleg mykje til å ta i bruk det nye bygget. Måtte det verta eit godt arbeidsreiskap for leirarbeidet på Lyngmo! Ferdigstilling og overtaking vert i månadsskiftet mellom mai og juni. Deretter skal huset gjerast klart til sommarsesong med leirar, bibelcamping, Lerum Cup og turistar. Det vert spennande å sjå korleis det nye bygget vil fungere til dei ulike gruppene og aktivitetane. Det er ingen tvil om at det vert ei standardheving og me håpar at alle gjestene våre vert godt fornøgde. Sommarvikarane våre får også ein ny kvardag med nybygget og det vert det kjekt å vise gjestene inn til nye fasilitetar!

Styret jobbar med planar for ein opningsfest. Dato er ikkje endeleg bestemt, men sannsynlegvis vert det på seinsommaren eller tidleg haust.

Sommarleirar

Sommarleir på Lyngmo er alltid stor stas! Då får me brukt det flotte uteområdet vårt og det er gode muligheter for kano, robåt og endå til eit lite bad i Hafslovatnet dersom været vert bra. Den nye aktivitetshallen vert også teken i bruk til sommarleirane. Leiarane gler seg over å kunne tilby ennå eit aktivitetstilbod på Lyngmo. Saman med kjekke aktivitetar får me dele trua vår på Jesus, som er vår Frelsar, med deltakarane.! Dei siste leirane har vore fullbooka,

så det er lurt å væra raskt ute med påmeldinga :)

Tilsette

Anne Kristin Gunvordal har sagt opp stillinga si frå juni 2016. Eg vil nytta høvet til å takke Anne Kristin så mykje for innsatsen ho har lagt ned på kjøkkenet og elles i arbeidet på Lyngmo! Forhåpentlegvis ser me ho mykje igjen som dugnadsarbeider framover!!

Me er på leit etter nokon som kan ta over i Anne Kristin si stilling. Stillinga er på 35 % og innebær ein del helgejobbing. Ta gjerne kontakt med oss dersom du er interessert i å vite meir om stillinga eller om du har tips til nokon me kan utfordre.

Anne Grethe Drevdal Tverberg tok over stillinga som Randi Nes hadde på kjøkkenet. Anne Grethe byrja i 40 % stilling på etter nyttår og har komme godt inn i arbeidet på Lyngmo!



Anne Grethe Drevdal Tverberg

Bibelsommar i Vest

Bibelcampingen på Lyngmo har blitt svært populær. Me opna for påmelding i starten av

januar og i løpet av nokre dagar var det full-booka. Det måtte til loddtrekning for å avgjere kven som skulle få plass. I tillegg til dei som skal bu på Lyngmo er det mange som har ordna seg med alternativ overnatting på Hafslø. Me ventar totalt sett godt over 250 gjester i løpet av bibelcampingen.

Med dette ønsker eg dykk alle ein god sommar! Alle er hjarteleg velkomne innom på eit av arrangementa eller for å få ei kort omvising på nybygget:)

-Kjetil

BIBELSOMMAR

I VEST

26. juni - 3. juli

UTSOLET



Påskan 2016

Påskan 2016 er andre året på rad me har gjennomført to familieleirar på Lyngmo! Det å reise på leir saman med familien gjev mykje attende til deltakarane. Felles opplevingar; sosialt og åndeleg er bra for familiane og er med på å styrkja truslivet til born og vaksne!

«Den nye leiren» i palmehelga var det 15 familiar og 65 deltakarar med på leir. Dei fleste av borna var under skulealder og programmet var lagt til rette for desse. Misjonstime, bibeltimar, barnesamlingar, familiemøte, kveldsmøte med temasamling og lovsongs- og deleveld er nokre av innslaga i eit variert program. Dele- og lovsongskvelden for dei vaksne vart eit høgdepunkt for underteikna. Mange av deltakarane delte bibelord og vitnesbyrd!

I påskehelga vart den tradisjonelle familieleiren til NLM arrangert med 93 deltakarar. Her var

det for det meste større born og ungdommar som kom saman med familiane sine. Dette er ei gruppe, der dei fleste familiane har vore på påskeleiren mange ganger tidlegare. Det er eit tradisjonelt leirprogram. Blanda med gode snøforhold i skitrekking som berre ligg 5 minuttar frå Lyngmo gjev dette ei flott ramme til feiringa av påskebodskapen om liding, død og oppstandelse.

Kjøkkenpersonalet på Lyngmo med tilsette og dugnadsfolk fortener å bli trekt fram. Desse står på, jobbar og lagar god mat gjennom heile påskan for at deltakarfamiliane skal få nyte påskeferien og leirlivet. Dette er ei verdifull teneste!

-Kjetil

Vårbasar



Tusen takk til alle som bidrog til eit fantastisk resultat på basaren i vår!! Det kom inn 170.000 kroner til arbeidet på Lyngmo!

Dette skjer på Lyngmo:

MAI 2016

- 12. Sommaravslutning knøttekor og Torsdagsklubb
- 16. Ungdomsarrangement
- 19. Småbarnstreff
- 30. - 2. juni Vi over 60 leir

JUNI 2016

- 2. Småbarnstreff
- 3. - 5. årsmøtehelg Sogn og Fjordane Indremisjon
- 10. - 12. 2-4 klasseleir
- 16. Småbarnstreff
- 17. - 20. 4-7 klasseleir
- 26. - 3. juli Bibelsommar i vest

JULI 2016

- 10. - 16. Familieleir Ungdom i Oppdrag

AUGUST 2016

- 25. Småbarnstreff
- 26. - 28. Bibelhelg

SEPTEMBER 2016

- 1. Knøttekor og torsdagsklubb
- 8. Småbarnstreff
- 15. Knøttekor og torsdagsklubb

- 16. - 18. 2-4 klasseleir
- 22. Småbarnstreff
- 23. - 24. Loppemarknad
- 29. Knøttekor og torsdagsklubb
- 30. sept - 2. okt. Småbarnstreff

OKTOBER 2016

- 6. Småbarnstreff
- 7. - 10. Leir 4 - 7 klasse
- 13. - 16. Leir for 7-10 klasse
- 15. Knøttekor og torsdagsklubb
- 17. Småbarnstreff



Det vert 16. mai feiring på Lyngmo i år igjen! Dette er for 8. klasse og oppover. Mykje har skjedd på bilbusfronten dei siste åra og me kjem med nyvinningar som ikkje er blitt prøvd på Lyngmo før. Gled deg! :) Utanom det blir det grilling, andakt og mykje bra folk! Det heile byrjar kl. 19: 30 og kostar 200,-

PÅMELDING OG INFORMASJON:

57 68 43 66 - ungdom@lyngmoinfo.com

Årsmøte 3. – 5. juni Sogn og Fjordane Indremisjon



Indremisjonskretsen inviterer til årsmøte og har lagt opp til fylgjande program:

Fredag 19.30

Solvorn Song og svele i Solvorn Bedehus

Laurdag frå 10.00

Gladsong, bibeltide, årsmøte, barneopplegg, festkveld på Lyngmo

Søndag kl 11.00

Storsamling og søndagsskule på SIM - Sogndal Indremisjonsforsamling
Adresse: Granden 23, 6856 Sogndal (Frydenbøbygget)

16 - 30 leir



Nokre av deltakarane klare for Bordtennisturnering

Euans perspektiv på 16 - 30 leiren

Euan har sidan september 2014 budd i Sogndal og er opphavleg frå USA. Han har vore med som leiar på 16-30 leiren og her kjem hans opplevelse av helga.

Mitt perspektiv er nok mest truleg noko anleis iforhold til dei som var med som vanlege deltakarar. Eg var ein av dei som var med og hadde ansvar for det som skjedde frå sjølve planlegginga til gjennomføring. Teamet som me hadde satt saman tykte eg fungerte kjempebra. Hanne Camilla Bull Hove sine kreative og praktiske idear, Nils Jøssang sine meningsfulle talar, og Endre Hilleren si organisering og filmvner. Det har vore ei stor æra for meg å få ta del i eit slikt team.

Ved å væra ein del av teamet fekk eg ei kjensle av tilhøyrgheit og ein anledning til å bidra, noko eg tykkjer er viktig. Me hadde det veldig kjekt ilag og det var morsomt å førebù leiken Capture the flag, lage hol i isen for morgonbada, bordtennisturnering, og læra frå det Nils forkynte. Men det eg opplevde som mest meningsfullt med leiren er fellesskapet me bygde. Nesten alt gjorde me ilag, som det å springa i skogen, synga lovsongar og dela måltid. Alt dette gjorde at me skapte vennskap og ei kjensle av fellesskap, noko som har stor verdi for meg.

Ein av dei tinga som eg hugsar best og som har størst verdi for meg er når Nils tala om eit metaforisk hus som me bygger som ein fasade rundt oss for å gøyme vår eigen usikkerheit, og kven me eigentleg er. Dette huset er det me ynskjer at folk skal sjå når dei ser på oss. Hjø meg er dette huset skapt primært for å visa andre at eg er god nok. Eg følte det var viktig å sjå på min eigen fasade,

og ta eit oppgjær med noko av den frykta og mitt ynskje om å bevisa min verdi. Eg har i lang tid kjent på at så lenge eg berre viser at eg er god i noko eller imponerar folk med noko, ja då er eg god nok. Dette er sjølv sagt heilt feil fordi me veit at me burde finna vår identitet i Jesus. Det er han som kan gi oss vår identitet, tilhøyrgheit, verdi og ikkje minst hensikt. Når me søkjer etter dette i materielle ting som sport, musikk, gjenstandar og pengar, vil det alltid gi oss ei kjensle av tomheit og skuffelse til slutt. Jesus har gjort jobben for oss, slik at me ikkje treng å gjera noko for å bevisa vår verdi. Så la oss gjera ting ut frå at me har ein verdi på grunn av det Jesus har gjort for oss på korset. Me treng ikkje streva etter godkjenning, fordi nåde let oss gjera ting ut frå at me er elska og er gode nok som me er. Det er feil å jaga etter annerkjenning, og «byggja» seg eit flott hus/fasade for å visa at ein er verdt noko. Jesus har allereie gitt oss ein verdi.



Euan og Hanne Camilla lagar hol i isen til morgonbadet. Me måtte fram med tyngre skyts til slutt (les motorsag).

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo

Telefon: 57684366
E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

SOMMARLEIR LYNGMO 2016

**2-4.klasse
4-7.klasse**

**10. - 12. juni, pris 520,-
17. - 20. juni, pris 755,-**

**Det vert gitt 25% søskenmoderasjon
frå og med søsken nr. 2**

For påmelding og informasjon:

E-post: bua@lyngmoinfo.com

Tlf: 57.68.43.66



Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på Lyngmo. Me hjelper

gjerne til med å finne løysingar for sponning i slike saker.